



## Orientering om 17. mai 2025

Etter 17. mai toget blir det utdeling av gratis pølser/brus til barna og leiker/konkurranser på skuleplassen ved Hemsedal skole.

Mat og kaffi får ein kjøpt inne på skulen og på Kyrkjestugu. Sal av is ute på skuleplassen.

Ta gjerne med campingstol eller liknande til å bruk på plassen utanfor skulen.

Samling med 17. mai-tale og underhaldning blir som vanleg arrangert i Trøimshallen kl. 14.00

### Parkering:

Det er parkeringsplassar ved Power, Spar, Sparebank1, Coop Extra og den nye parkeringsplassen vest for kommunehuset.

Vi oppmodar alle til å parkere andre stader enn ved Hovtun Kjøpesenter og Ditt Apotek, der 17. mai toget skal gå, og ved kyrkja der toget startar.

Ved Trøimshallen er det viktig å ikkje sperre for den bakre inngangen (mot Haugentunet).

### Rekkefølge i 17. mai toget:

1. Formannskapet
2. Flaggborg v/ 10. klasse - Hemsedal skole
3. Hemsedal hornmusikklag
4. Tuv barnehage
5. Ulsåk barnehage
6. 1.-10. klasse - Hemsedal skole
7. Folketoget

**NB! Oppmøte seinast kl. 10.45 på parkeringsplassen ved kyrkja. Sjå etter skilt med din klasse/barnehage.**

Avgang for toget: kl. 11.00. Hugs å ta med flagg! - HIPP HIPP HURRRAAA!

**Foreldre/sysken** blir oppfordra til å gå BAK i Folketoget. Då er det lettare for skuleungane å halde sine plassar.

### Rute for toget:

Toget går frå kyrkja, til Hovtunsenteret, tilbake om Bråtenjordet og avsluttar ved Hemsedal Bygdaheim.

### TV-overføring

Hemsedal Bygdaheim får tv-overføring frå programmet i Trøimshallen.

Velkomen til ei flott 17. mai feiring!

*17. mai-komiteen*